

Årsmelding

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane

2018



Incest skal talast i hel – ikkje teiast i hel



Innhald

Innleiing	4
Vi takkar	5
Organisasjon	6
• Formål og virkefelt	6
• Organisasjonsform	6
FMSO – Fellesskap mot seksuelle overgrep	7
Vertskommune	7
Samarbeidskommunar i 2018	8
Økonomi	9
• Finansiering	7
Tilsette	10
Tilbod og tilrettelegging	11
• Brukarar	11
Tilboda våre	12
• Tilbod til menn	13
• Tilbod til brukarar med etnisk minoritetsbakgrunn	13
• Brukarmedverknad	13
• Lokalar	14
Kompetanse og kompetansehevande kurs for tilsette	15
• Fagkompetanse	15
• Kompetansehevande kurs i 2018	15
Oppsøkjande verksemd	16
• Media	16
• Heimeside	16
• Informasjonsmateriale	17
• Fagleg bidrag til hjelpeapparatet i Sogn og Fjordane	17
Arbeids- og utviklingsoppgåver og samarbeid med andre	18
• Fokus på arbeids- og utviklingsoppgåver	18
Undervisning i grunnskulen – 6.trinn	19
• Hjartesamling – opplæring av tilsette i barnehagane	19
• Samarbeid med vertskommune og samarbeidskommunar	19
• Samarbeid på fylkesnivå	20
• Samarbeid med RVTS og helseføretak	20
• Samarbeid med andre, offentlege eller private organisasjonar/grupper	20
Artikkel: Kan 2019 bli handlingens år?	21
Revisjonserklæring og årsregnskap pr. 31.12.18	23
Notar	30

Innleiing

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane har no lagt bak seg sitt sjette fulle driftsår. Smiso SF gir lågterskeltilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande, samt tilbod om kompetanseheving til hjelpeapparatet og samarbeidspartnarar.

I 2018 har vi jobba mykje med auka profesjonalisering, eit likeverdig tilbod på sentera i heile landet og moglegheita til ein felles profil for alle sentera som er medlem i FMSO. Dette har resultert i ein felles fagleg plattform for alle sentera. I 2019 er håpet at alle sentra skal få lik logo og namn slik at det vert lettare for brukarane og samarbeidspartar og kjenne oss igjen uavhengig av kvar ein bur i landet. Det viktigaste arbeidet til Smiso SF vil alltid vere å drifte et godt senter med god kvalitet på tilboda våre. For brukarane av senteret er det å fortelje sin historie og å bearbeide vonde opplevingar gjerne det viktigaste når dei søker hjelp. Det å finne tilbake til eigenverd og livskvalitet etter seksuelle overgrep er problemstillingar som det blir arbeida mykje med i samtaler med dei faglege rådgjevarane på senteret.

Når barn vert utsett for vald og overgrep blir det ekstra alvorleg fordi barn ikkje kan handtere dette aleine, dei er avhengig av trygge vaksne og gode rammer. Hovudfokus i det førebyggjande arbeid for Smiso SF har difor også i 2018 vore undervisning til 6. trinn i grunnskulen.

I tillegg til undervisninga i grunnskulen, har Smiso SF undervist både større og mindre grupper i barnehagar, høgskular og hatt fleire oppdrag for ulike organisasjonar, fagpersonell og samarbeidspartnarar.

Vi anbefaler artikkelen «Kan 2019 bli handlingens år?» som du finn på side 21. Den er skrevet av dagleg leiar i FMSO Ingvild Hestad Torkelsen. Vi synast den passar bra både som eit tilbakeblikk og for å kunne sjå framover på feltet vi jobbar i. Ingvild skriv på bokmål.

Vi takkar

Vi er stolte over det førebyggjande arbeidet senteret har til grunnskulane i fylket. Dette arbeidet hadde ikkje vore mogleg utan støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og ikkje minst gåvemedlar frå privatpersonar. I 2018 har vi undervist 92 klassar i grunnskulen i Sogn og Fjordane. Vi har avdekkja overgrep, forhindra overgrep, og gjort mange betre rusta til å sette eigne grenser og vete kva ein skal gjere dersom ein opplev vanskelege og vonde hendingar i livet. Tusen takk til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og til dei fantastiske einskildmenneska som gjev oss gåvemedlar som gjer det mogleg for oss å halde fram med dette viktige og helsefremjande førebyggjande arbeidet.

Vi vil og nytte høve til å takke våre samarbeidskommunar, fylkeskommunen, Helse Vest og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet for stønad. Vi vil takke RVTS Vest (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebegging) ved Inge Nordhaug og psykolog Wenche Søvik Myklebust for fagleg og personleg rettleiing og kvalitetssikring av arbeidet vårt. Takk til sexolog Kjellaug Fredly. Takk til KS Sogn og Fjordane, for hjelp til å sette arbeidet Smiso SF gjer på dagsorden i kommunane. Takk til advokatfirmaet Blikra, Slotterøy og Fonn AS som gjev gratis juridisk rådgjeving til brukarane av senteret. Takk til Volvo for sponing i samband med ny lesing avtale, og til Volvia for gratis forsikring i eit år.

Ein spesiell takk går og til brukarrepresentanten vår som gjer ein framifrå jobb for senteret og for brukarane ved senteret.

I 2018 har vi og fått pengegåve frå Utdanningsforbundet i Naustdal Lokallag og frå Hafstad russen i Førde. Vi vil og takke dei privatpersonar som har støtta oss. Det varmar oss at så mange har tenkt på oss og ser nytten i arbeidet som vert gjort ved senteret. Saman kan vi gjere ein forskjell og gje nye moglegheiter for mange menneske. TUSEN TAKK!

Vi ser fram til eit nytt og innhaldsrikt år saman med brukarane og alle våre gode samarbeidspartar.

Organisasjon

Formål og virkefelt

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane (Smiso SF) har som formål og gje hjelp til sjølvhjelp for menneske utsett for incest/seksuelle overgrep og deira pårørande.

- Smiso SF skal kjempe mot og førebyggje seksuelle overgrep ved å synleggjere og motarbeide forhold i samfunnet som legitimerer, underbyggjer og opprettheld overgrep.
- Smiso SF skal arbeide for å spreie kunnskap om incest og seksuelle overgrep og incest/ overgrepsutsette sin situasjon ved informasjon og kunnskapsformidling.
- Smiso SF skal vere eit lågterskeltilbod utan krav til tilvising.
- Smiso SF skal samarbeide med offentlege hjelpeapparat og andre aktørar som arbeider med overgrepssproblematikken.
- Smiso SF skal i sitt arbeid vere partipolitisk nøytrale og ikkje vere tilknytt bestemte organisasjonar eller trussamfunn.

Organisasjonsform

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane ble stiftet i 2012. Senteret sitt kortnamn er Smiso SF. Smiso SF er ein privat stifting som drivast med offentlege midlar. Smiso har eit styre samansett av 5 personar, der 1 er oppnemnd av Førde kommune, 1 er oppnemnd av Kommunenes Sentralforbund (KS), 1 er oppnemnd av styret og skal ha særleg fagkunnskap, 1 er oppnemnd av brukarane og 1 av dei tilsette.

Styret har vore samansett slik i 2018:

Leiar: Kurt Even Andersen (Kommunalsjef helse og sosial Førde Kommune)

Styremedlem: Trude Merete Lundekvam (Tilsette representant)

Styremedlem:Gro Anita Solheim (Brukarrepresentant)

Styremedlem: Inge Nordhaug (Særleg fagkompetanse, RVTS Vest)

Styremedlem: Astrid Marie Vie (Rådgiver i KS Sogn og Fjordane) fram til juni. Frå Juni; Frode Kyrkjebø (Leiar i KS Sogn og Fjordane)

Dagleg leiar Chatrine Elholm, er sekretær for styret, utan stemmerett.

Vara medlemmar i styret; Terje Heggheim (Rådmann i Flora kommune), Gunn Karoline Fugle (Bup), Siri Olsen (tilsett i Smiso SF).

Stiftinga er underlagt kontroll av Stiftelsestilsynet.

Eksterne medlemmar av styret får møtegodtgjersle på kr 1500 pr. møte, styreleiar får eit tillegg på kr 900 pr. møte.




FMSO – Fellesstiftelsen mot seksuelle overgrep

Smiso SF er medlem av Fellesskap mot seksuelle overgrep (FMSO). FMSO skal bidra til å utvikle sentera til stadig betre organisasjonar ut frå brukarane sine behov, fagleg forskning og samfunnsforhold. FMSO arbeidar for å fremje medlemsorganisasjonane sine interesser i samfunnet og ovanfor offentlege styringsmakter. FMSO legg til rette for fagutvikling, og for samarbeid på tvers av sentera.

Vertskommune

Førde kommune er senteret si vertskommune og har såleis eit særleg ansvar for senteret si drift. Kommunen har gjort det kjend for senteret at den kan bidra i krevjande og vanskelege saker. Senteret har ikkje hatt behov for eller bedt om slik bistand i 2018.




Samarbeidskommunar i 2018



Aurland




Askvoll




Balestrand



Bremanger




Eid




Fjaler



Flora




Gaular




Gloppen




Hornindal




Hyllestad




Høyanger



Jølster




Leikanger



Luster



Lærdal




Naustdal




Selje



Sogndal




Solund



Stryn



Vik



Vågsøy



Årdal

Økonomi

Finansiering

Sentera opererer med ein finansieringsmodell der 80 % av driftsmidlane er statstilskot medan 20 % er lokale tilskot frå kommunar, helseføretak og fylkeskommune. Smiso SF fekk i 2018 stønad frå 25 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane. Gulen kommune, som tidlegare har støtta oss, har av organisatoriske endringar av fleire av tenestetilboda sine gått over til Hordaland. I tillegg fekk vi tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Helse Vest.

Tilskota til drift fordelte seg slik i 2018:

	2018	2017
Samarbeidskommunar	539.475	535.800
Sogn og Fjordane fylkeskommune	100.000	100.000
Helse Vest	100.000	70.000
Statstilskot	2.957.900	2.800.000
Totale inntekter:	3.697.375	3.505.800
Andre tilskot/gåver	33.490	18.000

Gåver og andre inntekter beløp seg til kr 33.490 og utløyser ikkje statstilskot.

Smiso opplev stor velvilje frå kommunane. I 2018 har 25 av 26 kommunar støtta senteret og det tek vi som ein stadfesting på at kommunane ser på Smiso SF som eit rimeleg og viktig tilskot til tenestetilbodet i fylket. Det er eit tilbod som gjev kommunane tilgang til spisskompetanse og lågterskeltilbod innanfor eit utfordrande felt. Målet er at alle kommunane i fylket skal ha tilskot til senteret si drift som fast post i sine budsjett.

Revisjon er gjennomført av
BDØ AS

Tilsette

Sommaren 2018 gjekk ei av dei tilsette ut i foreldrepermisjon, og vi fekk ei ny tilsett inn i dette vikariatet. Elin Vie starta hjå oss i august 2018. I september vart ei av våre faste tilsette sjuk, ho fekk diverre ei alvorleg kreftdiagnose og vart sjukemeldt ut året, og vil også vere vekke utover i 2019. Vi har difor hatt ein krevjande bemanningssituasjon hausten 2018. Vi har gjort det vi kan for at dette ikkje skal gå utover brukarane våre og kvaliteten på tilboda våre. Alle dei tilsette er kvinner. Dei tilsette har alle utdanning og ulik erfaring og kunnskap for å kunne gje eit best mogleg tilbod til brukarar og til samarbeidspartnarar.

Dei tilsette vert lønna ut i frå Førde kommune sin lønnspolitiske plan.

Smiso SF har teikna ulykke/yrkesskade og reiseforsikring for dei tilsette hjå KLP Skadeforsikring. Med KLP Bedriftspensjon har vi inngått avtale om innskotspensjon for dei tilsette. Dei tilsette har gruppe-livsforsikring hjå Frende forsikring.



Chatrine Elholm
-dagleg leiar-



Siri Helene Olsen
-fagleg rådgjevar-



Trude Merete Lundekvam
-fagleg rådgjevar-



Siv Berit Holme
-fagleg rådgjevar-



Elin Nikoline Vie
-fagleg rådgjevar-

Tilbod og tilrettelegging

Brukarar

Når ein person utsettast for overgrep råkar det heile familien. Smiso SF ønskjer at alle som vert råka får den hjelpen dei treng når dei treng den. Senteret ønskjer å gje eit godt tilbod, uansett alder, kjønn, bakgrunn og bustad.

Kontakt pr telefon/e-post/SMS	
Utsette eller pårørande til utsette	1385
Samarbeidspartar	333
Totalt	1718

Brukarar på senteret i 2018	
Nye brukarar 2017	29
Besøk av brukarar på senteret	256

Einesamtalar	
På senteret	197
På telefon	462
Utanfor senteret	43

Smiso SF gjev og tilbod til brukarar under 18 år, men då i samarbeid med relevante instansar i kvart einskild tilfelle.

Vi har gjennom året hatt **702 onesamtalar med utsette og pårørande, dette er relativt likt som året før då vi hadde 689 onesamtalar**

Den store auka i kontakt med senteret held fram, frå 1064 i 2017 til 1718 i 2018, noko som er ei **auke på over 60%**. Vi tenkjer at årsaka for det meste skuldast at fleire kjenner til oss og veit kva vi kan tilby.

Tilboda våre

Innomstikk

Innomstikk er for dei som har nytta seg av samtalar over tid. Innomstikk er eit tilbod om å kome til senteret for å ta ein prat med oss som jobbar her eller andre brukarar, ta ein kopp kaffi eller nytte seg av nokre av husets aktivitetar. Ein gjer individuelle avtalar om bruk av innomstikk, og aldersgrensa er 18 år.

Einesamtalar

Samtalar mellom brukar og rådgjevar, desse kan haldast på senteret eller utanfor senteret. Dei siste to åra har vi hatt ei auke på samtalar utanfor senteret. Alle brukarane startar kontakten med senteret med onesamtale. Vi har samtaleverktøyet KOR tilgjengeleg og kan nytte dette ved behov og ønskje. Vi er med brukarane til hjelpeinstansar, og er tilgjengeleg for samtalar med nettverket deira der det er ønskjeleg.

Telefonkontakt, e-post og sms

Fleire synast det er greitt å kunne ha nokon å ringje til, og dei geografiske forholda gjer at det ikkje er like lett å kome til senteret så ofte. Vi ser og ein stor pågang frå ulike samarbeidspartar og frå hjelpeapparatet i fylket. Denne kontakten gjeld som oftast spørsmål om senteret og våre tilbod, informasjon om seksuelle overgrep, førespurnad om å halde undervisning/foredrag, og råd/støtte i vanskelege situasjonar/saker. Nokre brukarar vel å kontakte oss via e-post og sms, Her ser vi og ein enorm auke dei siste to åra, i 2018 har vi fått **843 e-postar og sms frå brukarar, ei auke på nesten 150%** frå 2017.

Juridisk rådgjeving

Smiso SF har inngått eit samarbeid med advokatfirma Blikra, Slotterøy & Fonn AS. Dei gjev tilbod til brukarar ved senteret om juridisk bistand. Tilbodet er gratis for brukarane.

Samtale med sexolog

Smiso SF har også inngått samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly. Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar, og det kan vere vanskeleg å skilje eiga seksualitet frå overgrepa, fordi mange ikkje har ein oppleving av å eige si eiga seksualitet. Ved å jobbe med temaet kan ein få eit bra, godt og sunt forhold til seg sjølv og eiga seksualitet.

Massasje

Mange av brukarane slit med ulike kroppslege plagar. Vi jobbar mykje med at den einskilde skal få ei forståing av samanhengen mellom kroppslege plagar, spent tilstand og traumatiske opplevingar. Ei av dei tilsette på senteret er utdanna idrettsmassør, og har fleire års erfaring med å massere menneske med ulike traume. Mange har eit vanskeleg forhold til eiga kropp og kroppsleg nærleik til andre personar. Dette er ei av dei viktigaste årsakene til at kroppen spenner seg, og må difor takast særleg omsyn til. Erfaringane våre er at om brukarane blir trygg i massasje situasjonen og til eiga kropp, reduserast den spente tilstanden og dei kroppslege plagene. Gjennom aktiv medverking utviklar brukarane ein større grad av sjølvstyring og fridom i forhold til eiga kropp.

Vi har og ein massasjestol som brukarane kan nytte seg av når dei ønskjer.

Oppsøkjande verksemd

Dette omhandlar undervisning/opplysningsarbeid, samarbeidsmøte, deltaking i ulike fora i det offentlege hjelpeapparatet, førelasing, og liknande.

Andre aktivitetar

Hobby, ein fast turdag i veka, mindfulness, sjølvhjelpsgrupper, bibliotek, lån av PC.

Tilbod til menn

Smiso SF er også eit tilbod for menn. I 2018 har 5 av brukarane som har kontakta oss pr tlf vore mannlege brukarar og 7 av brukarane som har vore innom senteret har vore menn. I vårt opplysningsarbeid prøver vi å synleggjere at vi gjev tilbod til menn.


Tilbod til brukarar med etnisk minoritetsbakgrunn

Smiso SF ser at menneske med etnisk minoritetsbakgrunn er ei viktig gruppe å nå med tilbodet vårt. Vi tilbyr foreldrerettleiing for ulike etniske minoritetsgrupper. Vi har utarbeida ei brosjyre primært til bruk på helsestasjonar, denne er oversett til fire ulike språk.

Brukarmedverknad

Brukarmedverknad er viktig i arbeid med overgrepssproblematikk. Ein arbeidar mot og verte aktiv deltakar i eige liv, og finne eigenverd og integritet. Det å vere deltakande og klargjere eigen rolle er viktige moment i den enkelte brukar sitt arbeid vidare.

Det er viktig for senteret at brukarane er med å vise vegen vidare, og at brukarar og tilsette i fellesskap kan arbeide for eit best mogleg senter, og for forebygging av seksuelle overgrep mot barn.



Brukarrepresentant

Rolla til brukarrepresentanten er å vere brukarane sitt talerøyr, samarbeide med leiar og dei tilsette for å heile tida utvikle senteret på best mogleg måte, og vere brukarane sin representant i styret. Brukarrepresentanten skal vere tilgjengeleg for kontakt med brukarar ved senteret i tilfelle der brukarar ikkje ønskjer å ta direkte kontakt med leiar eller tilsette ved senteret. Brukarrepresentanten til Smiso SF har vore aktivt deltakande på styremøte. Ho er tilgjengeleg og har lagt ut informasjon om brukarrepresentanten si rolle på heimesida vår. Brukarrepresentanten vår gjer ein utruleg viktig jobb for Smiso SF.

Lokalar

Smiso SF leiger ein einebustad i Hornnesvegen 1 i Førde, leigekostnaden har frå mai 2017 vore på kr 23 000 pr. mnd. Bustaden ligg sentralt plassert i Førde i skjerma omgjevnader. Bygningen er frå 1974, hovudetasjen er ca 135 m², og den delen av underetasjen vi disponerer er ca 45 m². Det er ei stor opparbeida hage på 1000 m² som gjev oss mange moglegheiter til utandørs aktivitetar. I hovudetasjen har vi 3 kontor/samtalerom, toalett, bad med wc, vaskerom, kjøkken og stor stove. Stova vert og nytta som kurslokale og er tilrettelagt med lerret og projektor. I kjellaren har vi ein kjellarstove som vert brukt til aktivitetsrom, samt eit rom til massasjestol. Senteret er tilrettelagd for rullestolbrukarar.

Kompetanse og kompetansehevande kurs for tilsette

Fagkompetanse

Dei tilsette ved Smiso SF har alle høgare utdanning, og kompetansen senteret innehar er:

- Bachelor i yrkesfaglærer i helse- og sosialfag
- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeider
- Fitness grunnkurs, kunnskap om blant anna anatomi, fysiologi, grunnleggjande treningslære, biomekanikk samt fysisk aktivitet og helse.
- Førskulelærer med vidareutdanning i spesialpedagogikk
- Pedagogisk rettleiar
- Sosionom
- Administrasjon og organisasjon
- Idrettsmassør
- Frisør
- Helseleing
- Hjelpepleiar

Kompetansehevande kurs i 2018

Vi har hatt 4 heile dagar med personleg rettleiing i gruppe og/eller individuell rettleiing for dei tilsette. Rettleiingane bidreg til tryggleik, auka fagkunnskap, kvalitetssikring og trivsel. RVTS Vest står får den faglege rettleiinga, og rettleiar er Inge Nordhaug. Den personlege rettleiinga får vi frå Dialogassistance AS ved psykolog Wenche Søvik Myklebust.

I tillegg har tilsette ved Smiso SF deltatt på følgjande kurs og seminar:

- Helse Førde - «Barn som pårørande»
- Helse Førde - Psykose. «Kan ein leve godt med sinnslidelser?»
- FMSO/Smiso MR, landskonferansen i Molde – «Søskenincest og barn og ungdom med skadelig seksualisert adferd» v/Margrete Wiede Aasland, Cristian Lunde Hansen, Birgit Hegge, Inger Lise Sevaldsen, Oddfrid Skorpe Tennfjord, Anne Y Øvsti, Wenche Dyb, politi, barnehus, Bup og familievernkontoret.
- Høgskulen på vestlandet – «Når krenka barn blir sjuke vaksne» v/Anna Louise Kirkengen
- Høgskulen på vestlandet – Rettleiingskonferansen 2018: «Å kjenne på avmakt i rettleiing» v/ Per Isdal
- Sogn og fjordane fylkeskommune – Småbarnsdagane: Liten og tøff? v/Kåre Svang, Einar P Heiervang, Brynjulf Jung Tjønn, Per Isdal
- obb Aktiv – «Seksuelle overgrep; Avdekking, forebygging og håndtering av seksuelle overgrep mot barn og unge» v/ Eli Rygg, Margrete Wiede Aasland, Linda Hofstad Helleland, Sidsel Fjelltun, Harald Amdal, Siri Søftestad, Frøydis Øfeldt, Stefan Dahlgren Letzing, Marita Sandvik, Magne Raundalen, Didrik Hægeland
- Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep - Novemberkonferansen: Ungdommens råskap? v/Tormod Huseby, Oddfrid Skorpe Tennfjord, Morten Lundgren,
- Kari Stefansen, Elise Ottesen Søvik, Mariann Lindtjorn, Karl-Johan Kjøde, Maria Kjos Fonn,
- Marthe Wang, med flere.
- Blå Kors - Nordisk konferanse om tweens og skam. v/ Leif Gunnar Vestbøstad Vik, Tone Charlotte Reme, Ulrica Stigberg, Marie Farstad, Ann Kristin Gresaker, Ingeborg Ørjasæter.
- Dagleg leiar har vore tilstades på fire leiarsamlingar i 2017

Oppsøkjande verksemd

For oss har det vore viktig å drifte og gjere Smiso SF kjend i fylket, slik at vi når ut til og kan tilby høg fagleg kvalitet til brukarane og ulike hjelpeinstansar. Vi vil bidra til at menneske som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep opplever nye moglegheiter til å leve med sin historie. Vidare vil vi bidra til utvikling og formidling av kunnskap for å kjempe mot og førebyggje incest og seksuelle overgrep i fylket vårt.

Media

Media er viktig i arbeidet rundt openheit om seksuelle overgrep. Smiso i media i 2018:

Firda (avis og nett)

- #Meetoo – og, om seinskadar
- Pågang på senteret og førebygging

NRK Sogn og Fjordane (radio og nett)

- Auka pågang på senteret

P1

- Auke i saker på nett

Heimeside

Heimesida vår er viktig i marknadsføringa av senteret og for å spreie kunnskap om seksuelle overgrep og tilboda til Smiso SF. For fleire av brukarane våre er det eit alternativ å søkje informasjon på ein informativ, anonym og trygg måte. Smiso SF er også på facebook.

Informasjonsmateriale

Vi har i tillegg fleire brosjyrar og ulike informasjonsskriv, vi er opptekne av at informasjonen som kjem frå Smiso SF skal vere god og informativ, både til brukarane og til samarbeidspartane. Brosjyren vi utarbeida til helsestasjonane i fylket i 2017, vert no delt ut til alle småbarnsforeldre. Målet er;

- **Styrke barna sitt omgrepsapparat, sjølvkjensle, eigenverd og respekt for identitet, kropp og grenser.** Dette set barnet i stand til å skilje mellom positiv og problematisk berøring. Å melde frå til ein vaksen er viktig for å motverke overgrep.
- **Styrke foreldra sin kunnskap og bevisstheit om barn sin naturlege seksuelle utvikling og korleis denne kjem til uttrykk i leik og åtferd.** Dette vil gje foreldra moglegheit til å skilje mellom naturleg seksuell utvikling og seksualåtferd som det kan vere grunn til å bekymre seg for.

Brosjyren finnast på norsk, engelsk, polsk, arabisk og somalisk. Både denne brosjyren og anna informasjonsmateriale kan lastast ned frå heimesida vår www.smiso-sf.no

Fagleg bidrag til hjelpeapparatet i Sogn og Fjordane

Kunnskapsformidling og informasjon om temaet seksuelle overgrep mot barn ser vi på som avgjerande i vårt førebyggjande arbeid. Innsikt i overgrepssproblematikk, og ikkje minst auka tryggleik i korleis snakke med barn og vaksne om overgrep fremmar handlingskompetase. Ein vaksen som vågar å ta tak i og kommunisere om det som er vanskeleg kan vere avgjerande for å komme ut av tystnaden for utsette barn.

Det er viktig for oss at vi får presentert senteret og tilboda våre til hjelpeapparatet i fylket. Både for å auke fokus på problematikken seksuelle overgrep, auke kunnskapen og nå brukarar via det offentlege hjelpeapparatet. I 2018 har vi hatt 18 foredrag/fagdagar for ulike instansar i fylket vårt. Vi har nådd ut til ca. 1100 personar.

Arbeids- og utviklingsoppgåver og samarbeid med andre

Fokus på arbeids- og utviklingsoppgåver

Vi er opptekne av at Smiso SF skal gje eit kvalitativt godt tilbod til utsette og pårørande i fylket, vidare er vi opptekne av at hjelpeapparatet i Sogn og Fjordane skal oppleve senteret som ein ressurs og ein samarbeidspartnar. Tilboda ved Smiso SF skal vere eit supplement til hjelpeapparatet. Det faglege tilbodet ved senteret skal gje hjelp til sjølvhjelp som eit alternativ til, eller eit tillegg til, behandling i det offentlege hjelpeapparatet.

Vi har fokus på å nå ut til heile fylket. Som eit resultat av aktiv oppsøkande verksemd med informasjon, undervisning og rettleiing, ser vi at det er fleire i hjelpeapparatet som aktivt brukar oss. Vi ser og at det er fleire brukarar som tek kontakt etter anbefaling frå ulike hjelpeinstansar.

Mange brukarar av Smiso har vore, er eller har kontakt med det offentlege hjelpeapparatet. For at kvar einskild skal få ein heilskapleg og god behandling er det viktig av vi samarbeider med relevante instansar, etter samtykke med brukar.

Undervisning i grunnskulen – 6.trinn

I 2018 har vi undervist 92 klassar i grunnskulen og nådd ut til ca 1200 elevar. På nokre av skulane har vi og undervist lærarar og tilsette.

Våre mål for undervisninga

- Bevisstgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep, og andre vonde og vanskelege opplevingar i livet.
- Førebyggje og leggje til rette for å avdekke seksuelle overgrep og hjelpe utsette til å søkje hjelp.
- Forhindre potensielle overgriparar. Vi tek opp konsekvensane av grenseoverskridande åtferd ovanfor andre, undervisninga kan difor bidra til å skape gode haldningar i forhold til pubertet og utprøvande seksualitet i denne alderen.
- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidar med barn.
- Synleggjere for overgriparar at vi er ute på skulane og snakkar med barna.barna.

Mange barn har i etterkant av undervisninga ønskja ein samtale med oss om vanskelege ting dei har opplevd innanfor denne problematikken eller andre vanskelege ting. Sakar vi har fått del i, som har kravd vidare tiltak, har deretter blitt overført til kontaktlærar, helsesøster eller rektor. Saman har vi drøfta vidare tiltak, og aktuelle instansar har blitt kontakta der det har vore naudsynt.

Hjartesamling – opplæring av tilsette i barnehagane

Hjartesamling er ein metode utvikla for å gje barn språk og verktøy til å fortelje om det som er vanskelig. Metoden er utvikla av barnehagelærar Mats Alexander Johansen i samarbeid med Smiso Troms, det er eit førebyggjande arbeid mot vald og seksuelle overgrep. Smiso SF har vore på opplæring i Troms og kan no tilby opplæring i Hjartesamling til tilsette i barnehagane i fylket.

Samlingane er lagt opp etter 5 tema som alle er viktige trinn i utviklinga av språk og forståing som gjer det mogleg for barna å sei ifrå. Vi tilrår at ein minst ein gong i året går gjennom desse tema, og at ein gjer denne type samtalar og tema til ein del av kvardagen i barnehagane sin profesjonelle praksis.

Tema i rekkjefølgje:

1. Berøringar
2. Kjensler
3. Mobbing
4. Hemmelegheiter
5. Kroppen

Samarbeid med vertskommune og samarbeidskommunar

Smiso SF har eit godt samarbeid med vertskommunen Førde. Dei har eit særleg ansvar for senteret si drift. Førde kommune har gjort det kjend for senteret at dei kan bidra i krevjande og vanskelege saker. Smiso SF er implementert som ein del av tenestetilboda kommunen har og er tatt med i den kommunale handlingsplanen mot vald i nære relasjonar som vertskommunen har utarbeida i 2017. Då Førde kommune lanserte den nye handlingsplanen var Smiso SF invitert inn som ein av føredragshaldarane.

Smiso SF har eit godt samarbeid med vertskommunen Førde. Dei har eit særleg ansvar for senteret si drift. Førde kommune har gjort det kjend for senteret at dei kan bidra i krevjande og vanskelege saker. Smiso SF er implementert som ein del av tenestetilboda kommunen har og er tatt med i den kommunale handlingsplanen mot vald i nære relasjonar som vertskommunen har utarbeida. Smiso SF samarbeider med alle bidragskommunane (25 kommunar). I mange av kommunane ligg vi inne på heimesida som ein del av tenestetilbodet til innbyggjarane. Vi samarbeider med alle grunnskule og helsestasjonane i bidragskommunane i fylket om førebyggjande arbeid. Vi har inngått samarbeid med barnehagesektoren i nokre av samarbeidskommunane våre, målet er å inngå samarbeid med barnehagesektoren i alle kommunane i fylket. Smiso SF vert sett på som ein aktør med spisskompetanse innan seksuelle overgrep, og blir ofte invitert inn for å halde foredrag på ulike kommunale og fylkeskommunale fagdagar, kurs og seminar.

Samarbeid på fylkesnivå

Smiso SF føler seg godt motteken i fylket. Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er flinke til invitere oss til ulike faglege forum. Vi opplev mykje positive tilbakemeldingar både på fylkes- og kommunenivå.

Samarbeid med RVTS og helseforetak

RVTS Vest er ein viktig samarbeidspart på fagleg og overordna nivå for oss. Vi har, som tidlegare nemnd, fagleg rettleiing frå RVTS Vest. Vi har og styremedlem frå RVTS Vest, og kjenner at det er ein tryggleik i at arbeidet vi gjer vert kvalitetssikra på fleire nivå. Vi ser og at vår kompetanse om RVTS Vest sin funksjon er nyttig for andre i hjelpeapparatet som vi treff, vi deler denne kompetansen og formidlar kontakt vidare om naudsynt.

Smiso SF tek i mot midlar frå Helse Vest, midlane disponerast i forhold til våre retningslinjer og vedtekter, og vert gitt for å støtte oss som eit brukarfokusert tilbod. Brukarmedverknad og sjølvhjelp er viktige nøkkelord for organiseringa vår.

Samarbeid med andre, offentlege eller private organisasjonar/grupper

Vi har eit godt samarbeid med fleire offentlege og private instansar i fylket. Vi opplev at det er eit gjensidig nytte-forhold for einskilde brukarar at vi samarbeider med ulike instansar. Samarbeidet gjer det lettare for oss og for dei, i tillegg er det nyttig å kunne gje informasjon til brukarar som kan ha behov for dei ulike tenestene/tilboda som er.

Vi har etablert samarbeid med advokatfirmaet Blikra, Slotterøy og Fonn AS i Førde, dei gjev gratis juridisk rettleiing til brukarane våre på senteret.

Vi har eit godt og tett samarbeid med overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane, og ser det som viktig at vi har kunnskap om kvarandre og tilboda våre. Overgrepsmottaket har no som fast prosedyre å informere om Smiso, dei gjev og tilbod til sine pasientar om å formidle kontakt med oss. Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar. Vi har etablert samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly, som kjem til senteret og tilbyr samtalar med brukarar som ønskjer det.

Kan 2019 bli handlingens år?

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane har no lagt bak seg sitt sjettede fulle driftsår. Smiso SF gir lågterskeltilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande, samt tilbod om kompetanseheving til hjelpeapparatet og samarbeidspartnarar. I år har vi valt å bruke ein artikkel skrevet av dagleg leiar i FMSO Ingvild Hestad Torkelsen som innleiing på årsmeldinga vår. Vi synast den passar bra både som eit tilbakeblikk og for å kunne sjå framover på feltet vi jobbar i. Ingvild skriv på bokmål.

Kan 2019 bli handlingens år?

Fredsprisen ble i 2018 tildelt to modige mennesker for deres arbeid mot bruk av seksuell vold i krig. Norge er et velferdsland i fredstid, der en stor del av befolkningen likevel har opplevd seksuelle overgrep: 1 av 3 kvinner og 1 av 10 menn i Norge har vært utsatt for seksuelle overgrep, og 1 av 10 kvinner og 1 av 100 menn har blitt voldtatt. Men våre politikere har fortsatt ikke fått på plass en handlingsplan mot voldtekt. Hva er deres unnskyldning?

Regjeringen klarte å enes om en ny regjeringsplattform sammen med Krf. Vil den nye konstellasjonen bidra til at 2019 kan bli handlingens år for arbeidet mot vold og overgrep? Hvis vi tar et lite tilbakeblikk på 2018, må vi kunne si at forholdene aldri før har ligget bedre til rette for å snakke om, og ta tak i seksuelle overgrep som det omfattende samfunns- og folkehelseproblemet det er. I 2018 har vi som samfunn snakket om seksuelle overgrep kanskje mer åpent enn noen gang tidligere. Anerkjennelsen av hvor stort omfanget egentlig er, hva det er, og hvor stor skade det kan påføre mennesker, har blitt større. Vi har hatt debattene i kjølvannet av #MeToo som startet høsten 2017, og som norske medier har dekket grundig. Problematikken knyttet til seksuelle overgrep belyses og drives frem av et folkelig engasjement som tydelig signaliserer at nok er nok. Det er et engasjement som bekreftes ved at fredsprisen ble viet kampen mot seksualisert vold brukt som våpen i krig og væpnede konflikter. I 2018 feiret vi også ettårsdagen til Istanbulkonvensjonen, Europarådets konvensjon om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner.

Så hvor var politikerne våre, og hvor var Regjeringen i 2018? Klarte de å følge opp det folkelige engasjementet og omsette det til politisk endring og handlekraft? Bortsett fra lanseringen av opptrappingssplanen mot vold og overgrep 2017-21, har vi foreløpig sett lite handling fra Regjeringens side.

Politisk handlingslammelse?

NRKs dokumentarprogram Brennpunkt var ett av mange medier som hadde fokus på seksuelle overgrep i 2018. Selv om antall anmeldelser til politiet har økt, har sannsynligheten for at en voldtektsanmeldelse ender i fellende dom, aldri vært mindre. 80 % av sakene som anmeldes blir henlagt. Da Riksadvokaten i 2017 konkluderte med at etterforskningen av voldtekter er for dårlig, lovet daværende justisminister at en handlingsplan mot voldtekt skulle komme samme år, hvor også det forebyggende arbeidet skulle bli sentralt. Fire år etter at den forrige utløp er det fremdeles ikke på

plass en ny handlingsplan mot voldtekt.

I juni i 2018 vedtok den svenske riksdagen en samtykkelov for å tydeliggjøre at seksuell omgang uten samtykke er voldtekt, og en rekke andre land har vedtatt tilsvarende lover. Et forslag om en norsk samtykkelov ble lagt frem for Stortinget i mai i fjor, men forslaget ble nedstemt. Høyre har i stedet varslet at de i regjeringsforhandlingene vil kjempe for å senke minstestrafen for voldtekt, noe de mener vil føre til flere domfellelser.

Det har altså manglet både handlingsplaner, politisk enighet og konkrete tiltak for å bekjempe seksuelle overgrep i Norge i 2018. Heller ikke budsjettforliket for 2019 viser vilje til å bekjempe og forebygge seksuelle overgrep eller å ivareta de som er utsatt. Selv om KrF sin innflytelse også i år har ført til noen økninger i budsjettet til satsing mot vold, er det langt fra å være et budsjett som gjenspeiler samfunnets utfordringer på vold- og overgrepfeltet. Som FMSO skrev i Dagsavisen i høst, er det ikke bevilget mer enn en prisjustering til sentrene mot incest og seksuelle overgrep i 2019, til tross for at vi i 2017 opplevde en økt pågang på 35 %. Målet i regjeringens opptrappingsplan om et likeverdig tilbud over hele landet er langt unna når bemanningen ved sentrene varierer fra 2 til 14 årsverk, men heller ikke her er det lagt inn midler for å minske forskjellene. Flere sektorer på overgrepfeltet opplevde en økning i pågangen i 2018, og både ved overgrepsmottakene og i anmeldelser til politiet har denne økningen vedvart over flere år. Store regionale forskjeller er en utfordring, og i politiet varierer det hvor stor andel av de anmeldte voldtektene som ender i retten. For å imøtekomme disse utfordringene kreves konkrete tiltak og en langt større satsning over statsbudsjettet.

Et spørsmål om politisk vilje.

Norge er et velferdsland i fredstid, der en stor del av befolkningen likevel har opplevd seksuelle overgrep. Fortsatt mangler vi en reell satsing for å bekjempe dette omfattende folkehelseproblemet. Arbeidet med forebygging og rettssikkerheten til utsatte må styrkes. Det mangler ressurser både hos politi og overgrepsmottak, og i hjelpetilbudene til utsatte og pårørende. Det finnes ingen gode unnskyldninger for ikke å gjøre kampen mot seksuell vold til et politisk satsningsområde i Norge i 2019. Ved inngangen til et nytt år gikk Regjeringen i forhandlinger om en ny regjeringsplattform med KrF. Her er vårt nyttårsønske til dem:

La 2019 bli handlingens år for å forebygge seksuelle overgrep, styrke rettssikkerheten, og å hjelpe personer som er utsatt. Som Denis Mukwege sa i sitt Nobelforedrag:

«Å handle riktig er ikke vanskelig. Det er et spørsmål om politisk vilje.»

Revisjonserklæring og årsregnskap per 31. desember 2018

Uavhengig revisors beretning

Til styret i Senter Mot Incest og Seksuelle Overgrep Sogn og Fjordane

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Senter Mot Incest og Seksuelle Overgrep Sogn og Fjordane' årsregnskap.

Årsregnskapet består av: - Balanse per 31. desember 2018 - Resultatregnskap for 2018 - Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.	Etter vår mening: Er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2018, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.
---	---

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Molde, 20. februar 2019

BDO AS



Henning Rødal

statsautorisert revisor

Årsmelding frå styret for 2018

1. Verksemda si art og lokalisering

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane er ein stifting som har som føremål og gje hjelp til sjølvhjelp for menneske utsett for incest/seksuelle overgrep og deira pårørande.

Vidare har stiftelsen som føremål å kjempe mot og førebyggje seksuelle overgrep, formidle kunnskap om incest og seksuelle overgrep og dei utsette sin situasjon.

Stiftinga drivast frå hovudkontor i Førde kommune.

2. Fortsett drift

Styret og dagleg leiar meiner det er riktig å leggje føresetnaden for framleis drift av stiftinga til grunn ved framlegginga av årsrekneskapen.

Styret har hatt 4 møter i 2018.

3. Disponering av stiftinga sin kapital

Styret sin oppfatning er at det framlagde resultatrekneskap og balanse gjev tilstrekkeleg informasjon om drifta og stillinga for stiftinga.

Styret har ikkje kjennskap til forhold i utgangen av rekneskapsåret som vil ha noko å seie for bedømminga av årsrekneskapen og stiftinga si stilling.

4. Arbeidsmiljø

Senteret har stort fokus på arbeidsmiljø, og vektlegg tilgjengelegheit, samhandling og vidareutvikling både fagleg og personleg. Vi har fagleg rettleiing frå RVTS Vest, og personleg grupperettleiing frå Psykolog Wenche Søvik Myklebust.

Sjukefråvær i 2018 har vore på 9,1%. Sjukefråværet er ikkje arbeidsrelatert, ei av dei tilsette vart langtidssjukemeldt etter sommaren og ut året.


5. Ytre miljø

Stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet.


6. Kvinneandelar

Styret har 40 % kvinneandel. Alle dei fire tilsette er kvinner.

Førde, 15.02.17


Kurt Even Andersen
Styreleiar


Frode Kyrkjebø
Styremedlem


Trude M. Lundekvam
Styremedlem


Inge Nordhaug
Styremedlem


Gro Anita Solheim
Styremedlem

Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2018	2017
Inntekter - tilskudd		3 697 375	3 505 800
Annen driftsinntekt	6	34 490	18 000
Sum driftsinntekter		<u>3 731 865</u>	<u>3 523 800</u>
Varekostnad		73 252	84 030
Lønnskostnad	1	2 690 924	2 573 485
Annen driftskostnad	1	1 011 702	900 507
Sum driftskostnader		<u>3 775 878</u>	<u>3 558 022</u>
Driftsresultat		<u>-44 013</u>	<u>-34 222</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		2 430	1 780
Annen rentekostnad		273	158
Resultat av finansposter		<u>2 157</u>	<u>1 622</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>-41 855</u>	<u>-32 600</u>
Årsresultat		<u>-41 855</u>	<u>-32 600</u>
Overføringer			
Overført fra annen egenkapital	5	41 855	32 600
Sum overføringer		<u>-41 855</u>	<u>-32 600</u>


Balanse


Eiendeler	Note	2018	2017
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2, 3	0	8 000
Sum varige driftsmidler	2	0	8 000
Sum anleggsmidler		0	8 000
Omløpsmidler			
<i>Fordringer</i>			
Andre kortsiktige fordringer		30 000	44 477
Sum fordringer		30 000	44 477
<i>Bankinnskudd, kontanter o.l</i>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	1 113 332	1 010 796
Sum bankinnskudd, kontanter o.l		1 113 332	1 010 796
Sum omløpsmidler		1 143 332	1 055 273
Sum eiendeler		1 143 332	1 063 273


Balanse

Egenkapital og gjeld	Note	2018	2017
Egenkapital			
<i>Innskutt egenkapital</i>			
Grunnkapital	5	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annen egenkapital	5	409 674	451 529
Sum opptjent egenkapital		409 674	451 529
Sum egenkapital		509 674	551 529
Gjeld			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		147 799	98 404
Skyldig offentlige avgifter		216 686	185 919
Annen kortsiktig gjeld		269 172	227 421
Sum kortsiktig gjeld		633 658	511 744
Sum gjeld		633 658	511 744
Sum egenkapital og gjeld		1 143 332	1 063 273

Førde 15 / 2 - 2019
Styret i SMISO Sogn og Fjordane


Kurt Even Andersen
styreleder


Inge Nordhaug
styremedlem


Trude M Lundekvam
styremedlem


Gro Anita Solheim
styremedlem


Frode Kyrkjebø
styremedlem

Noter til regnskapet 2018

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter

Offentlige tilskudd inntektsføres i henhold til tilsagn og fordeles jevnt over året. Andre inntekter resultatføres når de er opptjent som normalt vil være på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år. For gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Første års avdrag på langsiktige fordringer og langsiktig gjeld klassifiseres likevel ikke som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld. Enkelte poster er vurdert etter andre regler. Postene det gjelder vil være blant de postene som omhandles nedenfor.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært til restverdi over driftsmidlenes forventede utnyttbare levetid. Ved endring i avskrivningsplan fordeles virkningen over gjenværende avskrivningstid ("knekkpunktmetoden"). Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet. Skillet mellom vedlikehold og påkostning/forbedring regnes i forhold til driftsmidlets stand ved kjøp av driftsmidlet. Tomter avskrives ikke.

Utgifter til leie av driftsmidler kostnadsføres. Forskuddsbetalinger balanseføres som forskuddsbetalt kostnad, og fordeles over leieperioden.

Nedskrivning av anleggsmidler

Ved indikasjon på at balanseført verdi av et anleggsmiddel er høyere enn virkelig verdi, foretas det test for verdifall. Testen foretas for det laveste nivå av anleggsmidler som har selvstendige kontantstrømmer. Hvis balanseført verdi er høyere enn både salgsverdi og gjenvinnbart beløp, foretas det nedskrivning til det høyeste av salgsverdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og bruksverdi. Bruksverdi er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Tidligere nedskrivninger, med unntak for nedskrivning av goodwill, reverseres hvis grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning for tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Pensjoner

Premier til innskuddsbasert pensjonsordning organisert gjennom livsforsikringsselskap kostnadsføres den perioden innskuddet gjelder og inngår blant lønnskostnader i resultatregnskapet. Pensjonsforpliktelser knyttet til AFP-ordning for selskapets ansatte balanseføres ikke. Forpliktelser eller pensjonsmidler knyttet til kollektiv forsikret pensjonsordning balanseføres ikke.

Noter til regnskapet 2018

Note 1 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

Lønnskostnader	2018	2017
Lønninger	2 198 101	2 138 215
Arbeidsgiveravgift	269 149	244 831
Pensjonskostnader	179 440	166 064
Andre ytelser	44 233	23 980
Sum	2 690 924	2 573 090

Gjennomsnittlig antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret 4

Ytelser til ledende personer	Daglig leder	Styret
Lønn	706 813	0
Styrehonorar	0	0
Annen godtgjørelse	10 348	0
Sum	717 161	0

OTP

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

Revisor

Kostnadsført honorar til revisor for 2018 utgjør kr 39 063,-	
Lovpålagt revisjon	26 563
Andre tjenester	12 500
Sum honorar til revisor	39 063

Note 2 Anleggsmidler

	Driftsløsøre, inventar ol.	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.18	100 000	100 000
= Anskaffelseskost 31.12.18	100 000	100 000
Akkumulerte avskrivninger 31.12.18	100 000	100 000
= Bokført verdi 31.12.18	0	0
Årets ordinære avskrivninger	8 000	8 000
Økonomisk levetid	3 år	

Noter til regnskapet 2018

Note 3 Fordringer, gjeld, pantstillelser og garantier m.v

	2018	2017
Fordringer med forfall senere enn ett år	0	0
Langsiktig gjeld med forfall senere enn fem år	0	0
Gjeld som er sikret ved pant o.l.	2018	2017
Gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Øvrig langsiktig gjeld		
Sum	0	0
Balanseført verdi av pantsatte eiendeler	2018	2017
Driftsløsøre, inventar og utstyr	0	0
Sum	0	0

Note 4 Bankinnskudd

	2018	2017
Bundne skattetrekksmidler	129 636	112 459

Note 5 Egenkapital

	Grunnkapital	Overkurs	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr. 01.01	100 000	0	451 529	551 529
Årets resultat			-41 855	-41 855
Pr 31.12	100 000	0	409 674	509 674

Note 6 Mottatte gavemidler

Hafstadrussen	25 140
Andre	7 350
Utdanningsforbundet Naustdal	<u>2 000</u>
Totalt	34 490

Organisasjonsnr: 998 382 726

Kontaktinformasjon

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane

Hornnesvegen 1 (ved kyrkja), 6809 Førde

Telefon: 57 72 10 70 / 94 89 28 23

E-post: post@smiso-sf.no

Heimeside: www.smiso-sf.no

Følg oss på Facebook

Senteret har opent:

Måndag-fredag: 9-15

Innomstikk for brukarar:

Måndag, tysdag og fredag: 10-15

Landsdekkande telefon for incestutsette og seksuelt misbrukte: 800 57 000

Alarmtelefon for barn og unge: 116 111



Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane